

Saksbehandlar Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala

:

Sak nr.: 13/6113-17

Forvaltningsrevisjon - Samhandling - val av prosjekt

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedlegg:

- Brev frå Deloitte AS datert 02.05.14 vedr. Val av prosjekt
- E-post frå fylkesrådmannen datert 05.05.14 vedr. Val av prosjekt

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- E-post frå fylkesrådmannen datert 21.05.14 vedr. Val av prosjekt U.off, OFL § 23.1. ledd

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet vedtok prosjektplan for forvaltningsrevisjon av samhandling i KU-sak 2/14, behandla i kontrollutvalsmøte 30.01.14.

Kontrollutvalet valde ut tre prosjekt som skal vere med i forvaltningsrevisjonen i møte 07.05.14. I framkant av møtet mottok kontrollsjef e-post frå fylkesrådmannen der det kom fram vurderingar som var gjort i gruppeintervju revisor hadde gjennomført mot leiargruppa – opplysningar fylkesrådmannen meinte kontrollutvalet burde ha kjennskap til.

Opplysningane som fylkesrådmannen peikte på i e-posten la revisor fram i møtet, og kontrollutvalet gjorde vedtak om val av tre prosjekt.

Kontrollutvalsleiar, revisor og kontrollsjef m/fl. mottok e-post frå fylkesrådmann 21.05.14 vedrørande valet av eit av prosjekt til denne forvaltningsrevisjonen. E-posten var sendt til revisor som svar på e-post der revisor ber om dokumentasjon og kontaktpersonar til prosjekta som var valt ut til denne forvaltningsrevisjonen. På bakgrunn av denne e-posten vart val av prosjekt tema i møte 27.05.14. Utvalet gjorde ikkje noko nytt vedtak om val av prosjekt i møtet, men ville diskutere saka nærare i neste møte.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet får saka til handsaming til møtet 17.06.14 for å gjennomføre ei vurdering av dei moment som har vore framme i saka. Utvalet vil etter denne vurderinga bli bedt om å velje ut det siste prosjektet som skal vere med i denne forvaltningsrevisjonen.

Alternative prosjekt som kan veljast er mellom anna dei prosjekta som revisor la fram i møte 07.05.14, som er nedfelt i notatet datert 2. mai 2014 (vedlagt). Utvalet kan også velje andre prosjekt enn desse.

3. Konklusjon

Kontrollutvalet vil i saka vurdere dei moment som har kome fram, for så å eventuelt gjere om vedtaket i KU-sak 17/14, der utvalet vedtok 3 prosjekt for nærare gjennomgang i forvaltningsrevisjonen.